



Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust i vassverket håpar at den store vasslekkasjen snart vert funnen

Laurdag trudde leiinga i vassverket at lekkasjen eller lekkasjane var funnen ved Steinsletto, men ein reparasjon ga ikkje noko resultat og difor held lekkasjejakta fram.

Leiar Hans Reidar Kjærland rettar ei sterk oppmoding til forbrukarane om å ta ein ny runde og sjekka om det er vatn som lekk ut ein eller annan stad.

- Vi hadde håp om at vasstapet skjedde på grunn av lekkasjen ved Steinsletto, men så synt det seg at vi mista meir vatn natt til i dag enn natta før, seier Kjærland søndag etterniddag.

Han trur at lekkasjane kan skuldast opptininga som er skjedd og ber om at folk sjekkar uthus og andre stader der det er vassleidningar. Sviktande trykk på vatnet kan også vera ein indikasjon på at noko er gale.

Hvis det ikkje med det aller første blir funne ein eller fleire lekkasjar må vassverket stengja av område for område systematisk for om mogeleg å avsløra kor vatnet forsvinn, men leiaren håpar i det lengste at dei kan slippa dette.

uskedalen.no har fått ei melding om vass-sprut i ein vegkant ved sekundærstasjonen, men dette er ein naturleg strøm av vatn, opplysar vassverket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Eikelva der vatnet kjem ifrå